Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr. 7

Herad: Stord

Emne: Skav

Bygdelag:

Oppskr. av: Karl Melkevik

Gard: Melkevik

(adresse): Sagvåg Stl.

G.nr. 60 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

At kröter-handlarane betalte meir for kyr som hadde fått skav end dei som ikkje hadde fått er kjent. Det er ikkje eins tyddande med at dei ikkje kunne få like mykje for kyr som ikkje hadde fått skav, dersom dei hadde fått anna kraftfor. Skav er gott kraftfor og framifrå gått mjölkefor, der skav vart mest nytta var höyet diverre ofte i minste laget å utgjorde i hardaste vårknipene stort meir end det som gjek med til å vondla hyngen inn i. Takka være fiske å avfall fra sjöen var fönnaen god her på Stord.

At skav hadde skadeleg innverkna på kjöte har eg aldrig höyd tale om. Har heller aldrig höyrd at mjölka kunde verka skadeleg for kalvar eller anna, tvert i mot måtte dei gi kalvar å griser mest mulig var dei uheldig å hadde fått unmak på mjölka. for det kunne henda vardei rausen å gav dei formykje skav

9138

Asple skavet var orsaka til at mjølka vart beisk her på garden i blant. då fekk dei berre rånne og aske skav det hadde svært lite innverknad. på smaken.
Ei sjeppa skav til kvar vakksa ku i døgeret var ved minimum hos dei der skavet gjek inn i den årvisse føringsstabel. Kor mykje skavled der gjek til korer eg ikkje kann nåka meining om. Det var målestakken her også det at fødde dei 4 kyr utan bruka skav. fødde dei 5 når dei brukte. attåt til var dei betre fødde.
Skavknivarne som nyttast omkring her var beine. summe brukte rekktig nok dei krókt lik ein Ljå i Sjærbågen. (Ikkje vinkel forma)
Opstandar å stå kniven mot var brukt av svært fåe å i fleste tilfelle når dei smidde tønneband
Her på Stord var masse lauvskog av mange slag og svært få som måtte kjøpa. dei kjøpte trea på rus der dei stod betalinga var arbeid" fisk" å ymse etter som det best høde vedkomande.
Rett til skavtrer var rekna som varande herligheter. og som var med bestemande under fastsettelsen av grenselinga teller som hefte på et av bruki.
Skavi almenning blei rekna til ved å skog å kom soleis inn under bestemelsarne for den. På bygselsetelen var rett til skave ofte medteke. Dei tvo siste punkta på lissta er ukjent her i bygda.

9138

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING